

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Bjarte Villanger	FE-210, TI-&14	23/173

Saksnr	Utval	Type	Dato
037/23	Formannskapet	PS	06.06.2023
	Kommunestyret	PS	

Årsmelding og rekneskap for 2022

Vedlegg:

Rekneskap 2022 m\_notar-v6

Årsmelding 2022

Revisjonsmelding\_Fedje\_2022\_2

Fedje\_Rapport\_om\_årsrekneskapen\_2022\_

Revisjonsmelding 2022 - Fedje

Oversending til kommunestyret: Fedje kontrollutval sin uttale til årsrekneskapen og årsmeldinga 2022

### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Etter kommunelova § 14-3 vert årsrekneskapen og årsmelding 2022 lagt framfor formannskap og kommunestyre for godkjenning. Årsmeldinga vert revidert av Vestlandsrevisjon IKS.

I Fedje kommune vert årsmeldinga og rekneskapen handsama slik:

Kontrollutval 1. juni.

Formannskap 6. juni.

Kommunestyret 15. juni.

Kommunestyret gjer det endelege vedtaket etter innstilling frå formannskap.

Kontrollutvalet si rolle er å gi uttale til rekneskap og årsmelding, etter revisjonsmeldinga frå revisor ligg føre.

### Vurdering

#### Økonomi

Driftsrekneskapen for 2022 viser eit positivt netto driftsresultat på ca. 2,6 mill. Dette skuldast i hovudsak 3 ting:

- Overføringar frå staten i samband med mottak av flyktningar, samt tilskot til styrking av legevakttenester i distriktskommunar.
- Større utbetaling frå havbruksfondet enn forventa.
- Høgare skatteinngang enn budsjettert frå Skattedirektoratet.

Av dette er 1,3 mill. midlar som er sett av til bundne fond – mens 1,3 mill. er sett av til disposisjonsfondet.

I 2021 nytta me ca. 1,3 mill. av disposisjonsfondet til å dekkje inn årets meirforbruk.

Investeringsrekneskapen viser eit udekka beløp på ca. 1 mill. Dette skuldast nedbetaling av Husbanklån etter sal av kommunal bustad som ikkje vart fanga opp i budsjettendringa ved årsslutt. Det var opphaveleg budsjettert med låneopptak på 2 mill., men dette blei ikkje gjort då større investeringar vart ført over til 2023 budsjettet.

### **Konklusjon**

Fedje kommune driv med eit høgt kostnadsnivå. Nasjonale krav og instruksar krev meir innsats på mange ulike felt i kommunane. Høgare statlege overføringar, berre på bakgrunn av folketalsauke, er ikkje tilstrekkeleg for å drive ein liten kommune med så høgt tenestnivå. Sett vekk frå VAR-området dekkjer ikkje brukarbetalingane dei utgiftene som kommunen har for å levere lovpålagte tenester. Skatteinntekter skal være med på å finansiere desse tenestene.

I 2024 kan eigedomskatten bli redusert med 1 mill. grunna nedlegging av gassrøyr frå Kolsnes til Mongstad. Det er ikkje nye prosjekt på gang som kan kompensere for dette.

### **Forslag til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2022 slik det ligg føre. Udekka beløp i investeringsrekneskapen vert dekkja av fond.

Formannskapet - 037/23

### **F - behandling:**

### **F - vedtak:**

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2022 slik det ligg føre. Udekka beløp i investeringsrekneskapen vert dekkja av fond.

Samrøystes vedteke.